# Helgedagen

KYRKJELYDSBLAD FOR TIME

NR. 5 - oktober 2012 44. årg.











Min Salme side 3

Vær ømhjertede side 4

Ivrige jenter side 6

Lagsgutten side 10

## Bryne - Time - Undheim sokn


**Kyrkjekontoret** tlf. 51 77 03 77
Kontortider: Måndag-Fredag: 09:00 -14:00
Kyrkjekontoret: Erlandsbakken 6, 4349 Bryne
heimeside: http://www.time-kyrkja.no
e-post adresse: kyrkjekontoret@time-kyrkja.no

| | |
|---|---|
| telefaks | tlf. 51 77 03 60 |
| Prost: Kjell Børge Tjemsland | tlf. 416 38 048 |
| Sokneprest: Stein Ødegård | tlf. 911 57 105 |
| Sokneprest: Gunnar Frøyland | tlf. 958 73 847 |
| Kateket: Ingfrid Time Nærland | tlf. 970 99 661 |
| Diakon: Torild Egeland Reime | tlf. 911 81 696 |
| Sekretær Bryne sokneråd: | |
| Elisabeth Obrestad | tlf. 51 77 03 64 |
| Sekretær Time sokneråd: | |
| Elisabeth Obrestad | tlf. 51 77 03 64 |
| Sekretær Undheim sokneråd: | |
| Hanne Brit Sandsmark | tlf. 996 26 157 |
| Sekretær: Kari W. Ødegaard | tlf. 51 77 03 77 |
| Sekretær: Siri Vik | tlf. 51 77 03 76 |
| Kyrkjeverje: Olav Vegard Søyland | tlf. 51 77 03 69 |
| Konsulent: Tor Aase | tlf 51 77 03 63 |
| Prosjektleiar trusopplæring: | |
| Jorunn M. Ueland | tlf. 975 07 517 |

**Time**

| | |
|---|---|
| Organist: Oddny Underhaug | tlf. 900 11 178 |
| Kyrkjetenar: Alf Einar Weseth | tlf. 996 19 121 |
| Soknerådsleiar: Karin Lima Friestad | tlf. 476 23 950 |
| Klokkar: Sofie Braut | tlf. 986 55 128 |
| Time kyrkjegard | tlf. 51 48 32 84 |

**Bryne**

| | |
|---|---|
| Kyrkjetenar: Alf Einar Weseth | tlf. 996 19 121 |
| Organist: Per Olav Egeland | tlf. 900 18 708 |
| Klokkar: Leif Andenes | tlf. 909 93 176 |
| Soknerådsleiar: Ruth Stabel Berg | tlf. 938 31 623 |
| Barne- og ungdomsarbeidar: | |
| Jorunn Pettersen | tlf. 51 77 03 72 |
| Kyrkjelydutviklar: Bjørn Inge Hauge | tlf. 51 77 03 77 |

**Lye forsamlingshus**
Heimeside http://www.lyeforsarnlingshus.no

| | |
|---|---|
| Ungdomsprest: Ole Tørring | tlf. 951 78 971 |
| Leiar forsamlingsstyret: Arne Heggheim | tlf. 900 34 326 |
| Administrator Lye: Sigurd Idland | tlf. 466 98 050 |

**Undheim**

| | |
|---|---|
| Sokneprest: Per Børge Hillestad | tlf. 934 42 919 |
| Kyrkjetenar: Hans Undheim | tlf. 900 37 560 |
| Soknerådsleiar: | |
| Kåre Sigurd Undheim | tlf. 51 48 43 07 |
| Undheim kapell | tlf. 51 48 68 20 |

Besøk vår nettside:
**www.time-kyrkja.no**
E-post sokneråda:
Time sokneråd: time@soknerad.no
Bryne sokneråd: bryne@soknerad.no
Undheim sokneråd: undheim@soknerad.no


# Til ettertanke

*"…så barnet kan leve og vokse i den kristne tro."*



*Bjørn Inge Hauge*

***Det skjer et under i kirken, større enn verden vet. Barnet får del i Guds rike, svøpt i hans kjærlighet.***
("Det skjer et under i verden", Gerd Grønvold Saue)

Det døpes titusener av barn hvert år i Den norske kirke. Dåpen er et flott bilde på Guds kjærlighet. Som små barn bæres vi frem, og Gud tar imot oss. Vi får del i Guds rike og blir Guds barn. Det skjer et under hver gang.

I dåpen sies det til foreldre og faddere: "Sammen med vår menighet og hele kirken har dere fått del i et hellig ansvar: å vise omsorg for barnet, be for barnet, lære barnet selv å be, og hjelpe barnet til å bruke Guds ord og delta i den hellige nattverd, så barnet kan leve og vokse i den kristne tro."

Foreldre og faddere har et ansvar for at barnet blir opplært i den troen det blir døpt til. Men dette ansvaret har de ikke alene. Den norske kirke skal være en ressurs i dette viktige arbeidet. Derfor har hver enkelt menighet fått i oppgave å utarbeide et trosopplæringsprogram for barn i alderen 0–18 år. Jevnlig inviteres barn og unge i Time til ulike trosopplæringstiltak. Dette er et satsingsområde i menighetene våre, og det utarbeides stadig nye tiltak som skal gi barn og unge muligheten til å bli bedre kjent med den gaven de har fått i dåpen.

I høst har vi "tro i hjemmet" som tema på Familiefokus, Bryne menighet sitt gudstjenestearbeid på Rosseland skole. Forsking viser at hjemmet er den viktigste arenaen for trosformidling og trosopplæring. Det er vi som foreldre og foresatte som er primærleverandør av omsorg og kjærlighet. Det er vi som kjenner barna våre best, og vi som best kan gi barna våre opplæring i troen.

I apostlenes gjerninger 2,42-47 kan vi lese om hvordan de første kristne praktiserte troen. Her er det hjemmet som er rammen for fellesskapet mellom de troende, og vi møter mennesker som lever et liv i etterfølgelse. Vi møter mennesker som praktiserer tro sammen i hjemmet.
Her ser jeg for meg voksne og barn som sammen deler nattverd, ber sammen, lærer hverandre historier om Mesteren, synger sammen og lovpriser Gud. Jeg ser for meg rause mennesker som deler med hverandre og hjelper hverandre. Mennesker som praktiserer tro i hjemmet. De hadde ingen kirke å gå til, det var ingen trosopplæringsreform som sa at alle døpte skulle få tilbud om en kontinuerlig trosopplæring fra 0-18 år.

*De holdt seg trofast til apostlenes lære og fellesskapet, til brødsbrytelsen og bønnene. Hver og en ble grepet av ærefrykt, og mange under og tegn ble gjort av apostlene. Alle de troende holdt sammen og hadde alt felles. De solgte eiendommene sine og det de ellers eide, og delte ut til alle etter som hver enkelt trengte det. Hver dag holdt de trofast sammen på tempelplassen, og i hjemmene brøt de brødet og spiste sammen med oppriktig og hjertelig glede. De sang og lovpriste Gud og var godt likt av hele folket. Og hver dag la Herren til nye som lot seg frelse.*
Apgj 2,42-47

Vi har fått del i et hellig ansvar; å vise omsorg for barnet, be for barnet, lære barnet selv å be og hjelpe barnet til å bruke Guds ord og delta i den hellige nattverd, så barnet kan leve og vokse i den kristne tro.

- La oss sammen gi videre den gaven vi har fått i dåpen.
- La oss sammen gi barna våre trospraksiser de kan ta med seg gjennom livet.
- La oss sammen leve et liv i etterfølgelse av Jesus, vår Frelse og venn.
- La oss sammen leve et liv i tro, håp og kjærlighet.

*Bjørn Inge Hauge*

# Min Salme



*Heidi Strand Harboe*

Denne salmen laga eg saman med Carl Petter Opsahl i sommar.
Carl Petter er jazzmusikar og gateprest i Oslo. Me har samarbeidd før, og eg er veldig glad i melodiane hans.

Carl Petter lurte på om eg kunne tenkja meg å skriva ein nattverdssalme til bruk i kvardagsmessene i Kirkens Bymisjon i Oslo. Det var eit spennande oppdrag å få. Eg har utruleg stor sans for arbeidet til denne organisasjonen. Eg veit at menneske som strever med livet og ofte fell utanom i "det gode selskap", er ei viktig målgruppe for dei. Her skal tersklane vera låge, dørene vera vide og høgda stor under taket. Kvardagsmessene i Kirkens Bymisjon skal vera for absolutt alle.

Eg lurte først på i kor stor grad dette med å streva med livet skulle gjenspeglast i teksten, men det vart snart klart for meg at ei slik salme må vera for alle, anten ein er biskop, kongeleg, rusmisbrukar, utan fast bustad, anten ein er overlukkeleg, knust, eller kanskje litt irritert… Som menneske liknar me einannan meir enn me ofte trur, og strever med mykje av det same. Dette veit me innerst inne om me vågar å tenkja etter.

Noko anna eg hadde klart for meg, var at ein slik salme måtte gjenspegla det ærlege, grunnleggjande og nakne ved det å leva og det å vera menneske. Det var viktig for meg å prøva å finna den ærlege stemmen me alle har lengst nede i magen.

Eg fekk vera med på kvardagsmesse i slutten av juli og sjå salmen bli urframførd. Det var ei stor opplevving. Heia Kirkens Bymisjon!

*Heidi Strand Harboe*

## Nattverdssalme

*Her kjem me Jesus, opna oss for tillit,*
*me kjem til deg, me kjenner du er nær.*
*I opne hender ber me livet med oss.*
*Me kjem til deg som var og blir og er.*

*I ansikta er spor av levde timar,*
*av glede sorg og tonar me har med.*
*Me kjem til deg med alt som livet gav oss.*
*Me ber deg: Gjer oss heile, gi oss fred.*

*Me kjem med natt og dag, med gråt og songar.*
*Me kjem frå vind, frå regn, frå sol som skin.*
*Me kjem til deg frå gater og frå stiar.*
*Du møter oss med omsorg, brød og vin.*

*Me kjem hit med vår draum og vår erfaring.*
*Me kjem hit med oss sjølv og møter deg.*
*Tenn håpet i oss, fyll oss med din varme.*
*Gi auga våre lys, og vis oss veg.*
*Tekst: Heidi Strand Harboe*

Heidi Strand Harboe er tildelt Kulturprisen i Time for 2012 som ho får utdelt i Storstova 2. november.

*Helgedagen gratulerer!*

*Foto framside: "Sauer v/ Melsvatnet " av Knut Aalgaard*


**Helgedagen** Utgitt av Time kyrkjelege fellesråd.
Redaksjon: Else-Marie Bue, Liv Helene Øyre Håland, Oddny Underhaug, Ragnar Time, Gunnar Frøyland, Arnfinn Vigrestad, Knut Aalgaard og Gabriel Tengsareid. Layout: Gabriel Tengsareid og Knut Aalgaard.
Trykk: Jærprint. Frivillig kontingent til Time kyrkjelege fellesråd, kontonummer 3212 20 24589. Merk innbetalinga med Helgedagen.
Stoff kan sendast til Kyrkjekontoret eller med e-post til gabriel.tengsareid@lyse.net /knut.aalgaard@lyse.net og må vera oss i hende innan 9. november.
Ver vennleg å senda stoff til Helgedagen innan fristen. Neste nr. kjem ut ca. 27. november 2012.

# Vær ømhjertede mot hverandre



Inga Maria Helland sin Bibel

## Time – Amerika – Madagaskar og heim igjen



Inga Maria Helland

***I 1892, for akkurat 120 år sidan, vart Inga Maria Helland fødd på Helland i Time. Foreldra var Rakel Kristine og Lars Jonassen Helland. 16 år gamal reiste ho til Amerika. Der vart det arbeid, skulegang og etterkvart misjonærteneste på Madagaskar.***

Ho var utsending for ALC, American Lutheran Church. Etter 40 års misjonærarbeid kom ho heimatt, busette seg på Bryne og vart til stor inspirasjon for misjonsvenene her. "Kva ho fekk gjort på Madagaskar, veit me ikkje, men i foreninga vår skapte ho ei fullstendig ny gjevarglede". Dette står å lesa i boka "Maskar i eit nettverk", som omtalar NMS si foreningsverksemd i Time sokn, 1842-1998. Inga Maria innførte også fast avslutning på foreningsamlingane. Kvinnene reiste seg , tok kvarandre i hendene og sa fram orda frå Rom 12,10-11:

- Vær ømhjertede mot hverandre i broderkjærlighet
- Kappes om å hedre hverandre
- Vær ikke lunkne i eders iver
- Vær brennende i åndenTjen Herren



10. Vær ømhjertede mod hverandre i
Broderkjærlighed; kappes om at hædre
hverandre!
Efes. 4,2. 1 Tess. 4,9. Fil. 2,3. 1 Pet. 2,17; 5,5.
11. Vær ikke lunkne i eders Iver; vær
brændende i Aanden; tjen Herren!
Ap. Gj. 18,25. Aab. 3,15.

*Rom 12, 10-11. Kopi frå gammal bibel frå omlag 1900. Bibelen tilhøyrde farfar til Else Marie Bue*

**Jubiléum på Bryne**

I 2003 var denne foreninga, Bryne kvinneforening, 125-år og feira det i Bryne kyrkje. Starten var altså same året som Saron vart bygt og hadde dei første åra tre formål: Bedehuset Saron, Det Norske Misjonsselskap og Den frivillige fattigpleien i Time. Me som lever og bur her i dag, kjenner frå bilete korleis Bryne såg ut på den tida, men kan neppe førestella oss livskåra rundt i heimane. Fantasien strekk i alle fall ikkje til når me veit at desse kvinnene, i tilegg til slitet for dagleg brød, også kunne vera heilhjarta opptekne av omsorg for andre både fjernt og nært.
125-års markeringa i Bryne kyrkje i 2003 hadde ei sterk avslutning. Dei aldrande foreningskvinnene stod framfor den store forsamlinga, tok kvarandre i hendene og fekk alle med i denne utfordringa frå Guds ord: Vær ømhjertede mot hverandre. Kappes om å hedre hverandre, vær ikke lunkne i eders iver, osv.
Nei, orda er ikkje henta frå den nye bibelomsetjinga! Denne teksten er gjerne direkte frå Inga Maria Helland sin konfirmasjonsbibel, boka som var med 16-åringen frå Time til Amerika, til Madagaskar og heim igjen. Dei er like aktuelle i dag. Ikkje bare i kvinneforeninga, men som eit solid kvardagsmotto for oss alle, både i heim og på arbeidsplass.

**Til ettertanke**

Time kvinneforening, den eldste foreninga for Det norske misjonsselskap i Rogaland, tidlegare også med namnet " Lye kvindeforening", har nettopp feira jubiléum på Fotland bedehus. – Foreningsarbeid utan avbrot i 150 år - gjennom skiftande tider -det fører til ettertanke og mange spørsmål. Lenge før, gjennom to verdskrigar på heimebane og fram til i dag, har kvinnene på Lye og Fotland hatt sine samlingar. Målet har vore at menneske i fjerne land skulle få kjennskap til Bibelen. I vår prosjektorienterte tid, med kvikke tidsavgrensa oppgåver, stemmer det dårleg for tanken at felles mål og arbeid kan arvast nedover i generasjonane over så lang tid. Alvor og ansvarskjensle har vore varemerket for desse menneska, og gamle bilete fortel at dei var mange. For tidlegare generasjonar betydde misjon eit "vindu" mot verda som ga kunnskap og kontakt med land og folk langt borte.

*emb*




*Inga Maria Helland sin Bibel*

*Svart-kvit bileta er skanna frå boka "Maskar i eit nettverk, NMS-foreningane i Time, 1842 - 1998"*

*Ca 1975. Sitjande frå venstre: Margot Lygren, Eldbjørg Bryne, Inga Maria Helland, Ane Bryne, Ester Høyland, Petra Serigstad, Ingrid Torkelsen, Sigrid Lindheim, Marta Grønsund. Ståande frå venstre: Astrid Bårtvedt, Karen Tjensvoll, Dagny Time, Lovise Serigstad, Randi Time, Jorina Jåtten, Aslaug Aase, Ingeborg Haugland, Ingebjørg Strømstad, Aslaug Fodstad, Sara Sel, Anna Ertkjern, Teresa Lund, Petra Grødem, Mari Berge, Dordi Eritsland*



# Ivrige jenter på Grødem



Hundar og kattar får pynt

**Barneforeininga "Kornbandet" samlar jenter frå 2. til 5. klasse annankvar tysdag heime hos Ruth Møyfrid Grødem. Jentene kjem frå heile Hognestad-krinsen.**

Helgedagen får møta dei ein ettermiddag i september. 14 jenter er samla i kjellarstova hos Ruth Møyfrid på Grødem, og trivselsfaktoren er høg! Nokre heldige får trekkja songar dei skal syngja, og alle stemmer i. Ekstra kjekt er det å få røra seg til songane! – Det er gildt på foreining, seier jentene.

Andakten denne gongen er på flanellograf – om kong Ahab, dronning Jesabel, profeten Elia og Baal-profetane. Alle lyttar og får med seg korleis det gjekk føre seg på Karmelfjellet.

Elefant under arbeid



Ivrig syjente!



Ho kan strikka!



Papirbretting på japansk vis er neste post på programmet. Av eit kvadratisk ark blir det på ein blunk ein katt eller ein hund. Somme pyntar dei ekstra fint med blyant eller farge.

Hovudaktiviteten kjem så: Brodering eller strikking, og nå skulle dei to leiarane hatt fleire enn to hender kvar! Er ikkje så enkelt å tre på ei nål eller sy teljesaum! Men det går så fint, for dei som ventar er tålmodige, og dei som hjelper er raske. Alle kjem i gang, og det hadde vore spennande å koma tilbake og sjå alle dei fine arbeida heilt ferdige. Kanskje det blir ein basar?

"Kornbandet" er eigentleg ei gammal foreining, starta for over 50 år sidan. Svigermor til Ruth Møyfrid fekk den gongen besøk av nokre jenter som hadde så lyst å gå i foreining, så slik var oppstarten. Dei er knytte til Norsk Luthersk Misjonssamband. Dei har samlast i heimar, på bedehuset og dei siste 4 åra heime hos Ruth Møyfrid. Leiarane nå er Ruth Møyfrid Grødem og Irene Time Grødem. Lillian Barlaup er også leiar, men har for tida morspermisjon.

Til slutt er det mat! Det er eitt av høgdepunkta! Denne kvelden blei det servert sjokoladekake. Såg skikkeleg god ut! Før dei reiser kvar til sitt, avsluttar dei med ein song.

Så heldige dei er desse jentene som har det så fint i foreininga, og så godt at der er leiarar som gleder seg over å vera saman med dei!

LHH

Glade jenter på Grødem





Japansk papirbretting



Godt at Irene kan hjelpa med å få tråd på nåla!



Over: To kan også sy i ein stol!

Under: Ei lita marihøne på gang





Tro og sosial innsats:

# Uten kirken, ingen utvikling



Dersom vi skal nå utviklingsmålene om en mer rettferdig verden, må verdens største grasrotbevegelse involveres mye mer aktivt



***Jørn Lemvik Generalsekretær i Digni (norsk misjons bistand)***

Fra tid til annen blir kirkens sosiale engasjement utfordret, oftest med argumenter om at det sosiale arbeidet brukes til å fremme evangelisering og manipulere mennesker til å omvende seg til kristendommen. Det er en mistenkeliggjøring som avleder oppmerksomheten fra et uomtvistelig faktum: Kirkens sosiale innsats har vært, og er fortsatt, uten sidestykke i historien. For noen måneder siden deltok jeg på et seminar hvor utviklingseksperten Paul Collier, forfatteren av boken "*The Bottom Billion*", var en av talerne. Han sier: "Dersom vi skal nå FNs tusenårsmål i Afrika, er det bare en måte å gjøre det på: gjennom kirkene! De er de eneste institusjonene man finner på landsbynivå overalt, de er de eneste som virkelig bryr seg om de fattigste, kirkene er der for lang tid, de kjenner lokale språk og kulturer, og de har en etikk i ryggen for arbeidet som gjør at de kan håndtere pengene som følger med utviklingsprosjekter." *Det er ingen stat eller institusjon som gjennom 2000 år har levert tilnærmelsesvis samme innsats innenfor sosialt arbeid som kirken.*

Collier er ikke alene. Midt på 1990-tallet tok lederen for Verdensbanken, James Wolfensohn, kontakt med erkebiskopen av Canterbury, Dr. George Carey. Bakgrunnen var at Verdensbanken hadde oppdaget at 50 prosent av alle institusjoner knyttet til helse og utdanning sør for Sahara var etablert og drevet av kirker. Derfor var det viktig for banken å etablere kontakt med kirkene og utvikle en forståelse av koblingen mellom tro og sosialt engasjement. Telefonsamtalen mellom disse to resulterte i en rekke konferanser der tro og utvikling ble satt på dagsorden.

### Inngrodde fordommer og angst

Norge ble ikke med på disse samtalene. I stedet for å vise interesse for hvordan kristen tro har ført til en slik formidabel innsats for marginaliserte og fattige, var tonen her hjemme preget av mistenksomhet og skepsis. Terje Tvedt lanserte uttrykket "statsmisjonærer": Mennesker som arbeidet i bistandsprosjekter betalt av staten, men som angivelig misbrukte stillingen sin til å forkynne evangeliet. Denne holdningen vitner om inngrodde fordommer og angst for å ta i alt det lukter religion av.

La det være helt klart: Det er ingen stat eller institusjon som gjennom 2000 år har levert tilnærmelsesvis samme innsats innenfor sosialt arbeid som kirken. Det er ingen institusjon som over tid har mobilisert slik frivillighet og uegennyttig innsats som kirken, og dette lenge før noen stat startet med å finansiere bistandsarbeid. Dette er fakta som helt drukner i kritikken om misbruk av makt og posisjon til å omvende mennesker. Det er trist. Verden trenger kirken. Verden trenger mennesker som tar Jesu ord om å elske sin neste som seg selv på alvor. Derfor har personer som Collier og Wolfensohn et ønske om å lære mer om hva som er hemmeligheten med engasjementet, og hvordan kirken arbeider.

**Fakta:**
Jørn Lemvik, oppvaksen på Kverneland, har nå heile kloden som arbeidsfelt. Han er generalsekretær i Digni, det som tidlegare heitte Norsk Misjons Bistandsnemnd. Han har tidlegare uttalt dette til Helgedagen: Me er ein paraplyorganisasjon for kristne kyrkjer og misjonsorganisasjonar. Bistandsnemnda har 17 medlemer, alle kyrkjesamfunn eller misjonsorganisasjonar av ulike slag. Norad støttar oss årleg. Pengane finansierer bistandsprosjekt i 40 land, prosjekt som blir drivne av våre medlemsorganisasjonar eller deira partnarar.

### Det sosiale engasjementet står på egne ben

Kirken har samme utfordring som alle andre bevegelser og institusjoner. Det vil alltid være mennesker som i sin iver, eller gjennom etablering av egen makt, bruker arbeidet og teologien som et middel for noe annet. For de fleste kirker er likevel det sosiale engasjementet en aktivitet som står på egne bein. Vi gjør ikke gode gjerninger for å oppnå noe annet. Vi respekterer våre medmennesker og deres tro. Men vi må også respektere og holde fast på vår egen tro. Vi er kristne mennesker, og vi ønsker å ta budskapet om å elske vår neste som oss selv på alvor. Vår tro er fundamentet for våre handlinger. Pietisten og vekkelsespredikanten Hans Nielsen Hauge sa for mange år siden: "Mit Kald er at Tiene Gud og min Næste." Hauge ble en av de viktigste personene i Norge i sin samtid og for sin ettertid. Han etablerte industri. Han fikk fattigfolk til å rette ryggen og ta ansvar for egen framtid. Han utfordret makt. Mennesker med funksjonshemminger var blant arbeiderne i hans bedrifter. Han ansatte kvinnelige ledere. Få eksemplifiserer Max Webers berømte tese om den protestantiske etikken bedre enn Hauge, som med sine idealer om nøysomhet og god forvaltning bidro til å legge grunnsteinen for Norges utviklingssprang ved forrige århundreskifte.

### Kraftfull trosdynamikk

Bakgrunnen for Hauges suksess lå ikke i tekniske kalkyler, cost/benefit-analyser eller andre utviklingsteoretiske grep. Den var heller ikke motivert i en slavisk pliktetikk motivert av mekanistisk bibellesning. Hauge begrunnet enkelt og greit sitt nestekjærlighetsarbeid med troen på Gud. Det var gudsrelasjonen som gav næring til Hauges engasjement. En slik trosdynamikk er ikke umiddelbar forståelig for en utenforstående, men den er desto mer kraftfull. Derfor trenger vi å lære mer om hvordan stat og andre kan samarbeide med kirken og andre trossamfunn for å nå utviklingsmålene som er etablert.

FNs tusenårsmål har blitt kritisert for å være lite orientert mot mer grunnleggende, strukturelle utfordringer. Den samme kritikken har blitt rettet mot kirkene. Det er lettere å utdanne fattige enn å tale de fattiges sak i WTO. Det ligger i kirkens ryggmargsrefleks å vise omsorg for enkeltmennesker, men kirken har også et enormt potensial som rettighetsforkjemper og maktkritiker – tenk bare på Sør-Afrika og biskop Tutu! I kampen for en bedre og mer rettferdig verden trenger vi å mobilisere alle gode krefter. Kirken er verdens største grasrotsbevegelse. Derfor ville det være tidenes unnlatelsessynd ikke å involvere kirkene mer aktivt i utviklingsarbeidet. Det trenger ikke en gang koste penger. Ressursene finnes allerede: mennesker som tar sin tro på alvor.

Samfunnet trenger kirken, mer enn noen gang. Samfunnet trenger vårt engasjement, vår frivillighet og vår innsats.

*Jørn Lemvik*
*Generalsekretær i Digni (norsk misjons bistand)*






*Trond Heskestad har vært voksenleder i skolelaget på Lyefjell siden 1989*

# Trond Heskestad:

## På post for Laget i 28 år

**Trond Heskestad har gjort Lagets visjon til sin, og brenner for å gjøre Jesus kjent så Han blir trodd, elsket og etterfulgt.**

**I mer enn én generasjon har den sindige 63-åringen sett ungdommer komme til lagsmøtene. De siste 23 årene som leder i skolelaget på Lyefjell. Nå legger han inn årene etter 28 år som voksenleder i organisasjonen.**

### -Hvorfor Laget?

Egentlig har jeg alltid vært en lagsgutt, sier Trond Heskestad. Han var med i Laget både på realskolen og da han gikk på gymnaset i Stavanger. I studietiden deltok han i studentlaget i Trondheim. Han tok også siviltjenesten ved lagskontoret der. -Jeg fant et åndelig hjem i Laget, og trivdes der. Kona Liv Heidrun fant han også på en litteraturkonferanse i regi av Laget, på et leirsted ved Ransfjorden. Det var i 1974, to år før de to ble smidd i hymens lenker. Så engasjementet i lagsbevegelsen har vært fruktbart på flere måter.

### Gi det viktigste videre

-Hva har vært drivkreftene i engasjementet ditt?

-Jeg ønsker å gi videre noe av det jeg har fått selv. Vi har et livsviktig budskap, så derfor har jeg vært opptatt av at studenter og skoleungdom får møte Jesus, lære ham å kjenne og få en levende tro. Visjonen til laget er jo nettopp at Jesus er i sentrum, og målet er at troen får konsekvenser for ens liv. Blir en glad i Jesus, følger etterfølgelsen automatisk.

> ***Vi har et livsviktig budskap***

Trond Heskestad flyttet med familien til Lyefjell på forsommeren i 1986. To av ungene gikk i småskolen, mens de to yngste var førskolebarn. Tre år seinere var firebarnsfaren med på å starte skolelaget på Lye. Han ble engasjert som voksenleder, en tjeneste han hadde helt frem til i sommer.

-Vi var alltid to voksenledere, en kvinne og en mann. Noe av filosofien til lagsbevegelsen er at det er de unge som skal drive laget selv, mens vi som voksne gir de unge trygghet og støtte.

### Fakta:

Hva er Laget?

Laget (Norges Kristelige Student- og Skoleungdomslag) er en kristen ungdomsorganisasjon som arbeider på skoler og studiesteder for å gjøre Jesus kjent så Han blir trodd, elsket og etterfulgt.

Lagsbevegelsen har røtter tilbake til 1909, og det første kristne gymnasiastlag ble stiftet året etter. I 1960 etablertes det første undomsskolelaget.

Laget består i dag av cirka 175 lag, fordelt på 156 skolelag og 19 studentlag i hele landet.

Lagets fire grunnstrategier:
- Bygge felleskirkelige skole- og studentlag som gjør Jesus kjent på skoler og studiesteder.
- Bygge unge ledere. Mange fra Lyefjell har deltatt i Lagets lederskole Link.
- Bygge et bønne- og ressursnettverk rundt Lagsarbeidet i Norge.
- La ungdom få erfare den verdensvide kirke, og kalle ungdom til tjeneste i misjon og internasjonalt studentarbeid.

### "Slitt ut" sju kvinner

-Når jeg ser tilbake på de 23 årene jeg har vært med på Lyefjell, har det vært en rekke kvinnelige voksenledere. Jeg har "slitt ut" ikke mindre enn sju kvinnelige ledere, sier den pensjonerte voksenlederen lattermildt.

> ***Noe av det viktigste med arbeidet er at ungdom finner frem til troen***

-Har du lært noe av ungdommene i alle disse årene?

-En helt masse, sier lagsveteranen, og trekker frem raushet og overbærenhet. De unge kommer til lagsmøtene i åttende klasse, og ungdomsskoletiden er en veldig spennende og viktig periode i deres utvikling. Vi opplever jo at de unge har glemt å skaffe taler, og når de bommer en gang i blant, har vi ikke noe igjen for å kjefte eller bebreide. De må få lov å gjøre feil, sier den jordnære voksenlederen. Men på spørsmålet om hvorfor han har holdt ut så lenge som leder, svarer han: -Det er kjekt å arbeide med ungdom. De holder meg ung, og de har en friskhet og et initiativ som er vitaliserende, og de gir mye tilbake. Jeg er takknemlig for denne tiden, sier han.

-Noe av det viktigste med arbeidet er at ungdom finner frem til troen. Gjennom week-ender og turneringer får de unge være sammen en helg, og blir bedre sammensveiset. Det er bra for miljøet.

Nettopp natturneringene på Lyefjell hvert år fra 2000 til 2005 trekker han frem som arrangementer som ga mange, ham selv inkludert, positive opplevelser. Turneringene samlet ungdom fra skolelag i hele fylket, og mange som var fremmed for miljøet, deltok. Det har også brent seg fast i hukommelsen at halvparten av de 300 elevene på Stangeland ungdomsskole i Kopervik på Karmøy var med i Laget på 70-tallet, der Heskestad har fartstid som voksenleder i fem år fra 1974.

### Veier inn til Laget

-Hvem kommer til lagsmøtene, og hvilke veier fører de unge til skolelaget?

-Før sommerferien har vi sjuendeklassefest for å markedsføre Laget. Et flertall har nok kristen bakgrunn, men vi har mange eksempler på at unge med en mer verdslig bakgrunn og ikke har hatt noen tro, har funnet troen der. Ellers deler vi ut programmer og setter opp plakater.

Vi er mellom 10 til 30 på hvert lagsmøte, som er på skolen der elevene kjenner omgivelsene. Vi møter elevene der de er. På Lyefjell, der superveteranen fortsatt bor sammen med kona, er lagsmøtene annenhver torsdag fra klokken 20 til 21.30. Andakten er et fast innslag. Når Guds ord blir forkynt, har det virkekraft i seg selv, sier han.

> ***Når Guds ord blir forkynt, har det virkekraft i seg selv***

*DHF*



# Kyrkje - Stat






*Den 21. mai 2012 vart Grunnlova endra. Med ny tekst i §2 og §16 er ikkje lenger den evangelisk-lutherske religion staten sin offentlege religion. Alle trus- og livsyn skal handsamast likt. Den norske kyrkja er ikkje lenger ei statskyrkje, men ei folkekyrkje. Verdigrunnlaget skal vera vår kristne- og humanistiske arv.*

I juni sende Kyrkjerådet ut *Kyrkjeordning etter 2013*, eit refleksjonsdokument som vart sendt til alle sokneråda. Her får ein ei innføring i dei utfordringane og problemstillingane som kyrkja står ovanfor i åra som kjem! Svarfristen er 31.12.2012, og Kyrkjerådet oppmodar alle til å koma med innspel til synspunkta som kjem fram i dokumentet!

Kva betyr eigentleg desse endringane i Grunnlova for kyrkja og livet i kyrkjelydane?
Svein Arne Lindø er Kyrkjerådets leiar- busett i Hommersåk og arbeider som omsorgssjef i Gjesdal kommune – ein av dei som har vore sentral i prosessen og arbeidet med endringane. Han svarar på kva grunnlovsendringane betyr for tilhøve mellom kyrkja og staten:

**Kyrkja sine leiarar har vore pådrivarar i denne prosessen for å endra Grunnlova. Kvifor?**
Samfunnet består av ulike menneske med ulik religiøs ståstad. Det er ikkje naturleg at staten skal favorisera ei tru. Ein stat kan heller ikkje vera truande, men det kan og skal ei kyrkje vera. Kyrkja får med denne endringa lov til å utnemna prostar og biskopar. Det er på høg tid at eit trussamfunn får høve til å velja sine eigne, religiøse leiarar. Den norske kyrkja ønskjer endringane velkomne, og er glad for at alle parti på Stortinget stilte seg bak.

